

– Media presenterer eit katastrofesenario

Media stikk under stol at rikdom og velstand vil auka sjølv med eit varmare klima, meiner Tor Mikkel Wara.

ÅDNE LUNDE
adnelunde@gmail.com

«Norge i hardt vær – samfunns-økonomiske vurderinger av klimatilpasning», heiter ein rapport som kom i juni. Her har eit ekspertutval, på oppdrag frå regjeringa, sett på konsekvensane av klimaendringane i Noreg fram mot 2100. NRK dekte rapporten, mellom anna med ei sak om at varmare hav kan gje kraftig nedgang for fiskeria.

Dette fekk Tor Mikkel Wara (Frp) til å skriva ein kronikk. Der skriv klimapolitisk talsperson for landets klart største parti på meningsmålingane at NRK ikkje nemner det han kallar det vesentlege hovudpoenget i rapporten. Dette er ifølgje Wara eit estimat over dei samla kostnadane ved klimaendringane for Noreg. Han finn ingen objektive feil hos NRK, men meiner likevel journalistikken blir misvisande. Han skriv at NRK etterlèt eit inntrykk av at klimaendringane er eit langt større problem enn det rapporten seier dei er.

– Kronikken din kan gje inntrykk av at du ikkje meiner klimaendringane utgjer eit stort problem for Noreg. Kva vil du seia til dei som tykkjer det er umusikalsk, når Europa kokar i den eine varmebølga etter den andre og dødstala stig?

– Først og fremst er eg glad for at vi fekk dette utvalet og denne rapporten. Vi treng meir forskning og dokumentasjon på både klimatilpassing og klimapolitikk. Denne rapporten viser at velferda i samfunnet kjem til å veksa mykje meir enn eventuell klimatilpassing kan bremsa henne. Dette er hovudpoenget her. Vi blir rikare og får det betre. Då er det eit problem når ein lagar ein alarmistisk budskap. Menneska kjem til å få det betre, ikkje verre.

– Du går til åtak på media



Foto: Frp

SAMTALEN

Tor Mikkel Wara

stortingsrepresentant og klimapolitisk talsperson for Framstegspartiet

AKTUELL

Kritiserer NRKs dekking av rapporten «Norge i hardt vær»

for klimadekkinga. Kva meiner du blir feil?

– Det er jo to ting som er feil. Det eine er at ho blir alarmistisk. Det andre er at det ofte blir veldig unyansert. Dei rette atterhaldane er ikkje med i forteljinga. Det er ikkje tvil om at det er klimaendringar, og det er heller ikkje tvil om at dei kjem til å påføra oss nokre ulemper. Men klimajournalistikken ser ut til å få leva sitt eige liv, utan normale krav til journalistikk. Det er einsidig kjeldebruk. Og det er alltid same vinkling, nemleg eit intervju med nokon i miljørørsla som seier at ein ikkje gjer nok.

– Du går langt i å seia at det er ein aktivistisk agenda bak?

– Ja, spørsmålet er om det er ein skjult agenda, eller om det berre er tabloid journalistikk? Når du er tabloid, så lagar du alarm-alarm heile tida. Men det er ein systematisk feilbruk av kjelder. Media presenterer eit katastrofesenario. Så intervjuar ein miljørørsla om kva dei synest om dette. Det ser vi også i denne saka. Den einaste kjelda utanom utvalet sjølv er ein miljøorganisasjon.

– Når NRK skriv om prognosane ekspertane har for fiskeria, kan vel det berre skuldast heilt vanleg journalistisk vinkling?

– Ja, men det er over tid dette blir systematisk feil. Samstundes som fiskeria kan få problem fordi fisken flyttar seg lenger nordover, seier rapporten også at landbruket vil få det betre. Det er eit like viktig funn. Og modellane seier at det eigentleg ikkje kjem veldig store endringar, i alle fall ikkje store nok til å hindra norsk velferdsutvikling. Vi kjem til å vere rikare og ha det betre på 2100-talet enn i dag. Det er også i tråd med rapportar frå det internasjonale klimapanelet. Verda går framover, sjølv om klimaendringar kan bremsa veksten noko. Dette



Folk tar elva i bruk for å kjøle seg ned i uvanleg man


poenget blir ofte underslått, og det blir laga eit bilete som ikkje er sant.

– Éin av fire nordmenn avviser menneskeskapte klimaendringar. Ein god del av desse røystar truleg Frp. Kva tenkjer du om det?

– Eg er ikkje i tvil om at det er klimaendringar, og at dei er menneskeskapte. Det som gjer dette til ei utfordring, er at ein har sagt at vi må halda oss til 1,5 gradars temperaturstigning i høve til forindustriell tid. Så er det alt no blitt 1,5 gradar varmare, og ingen katastrofe har råka. Det er altså ikkje tvil om at det er klimaendringar, men all overdrivinga gjer at ein undergrev fornuftig klimapolitikk. Eg stiller ikkje spørsmål ved det naturvitskapelege grunnlaget. Men eg stiller spørsmål ved om vi har ein fornuftig klimapolitikk.

– Treng vi i det heile utsleppskutt og grøn omstilling i Noreg?

– Ja, det er fornuftig å ha utsleppskutt. Det er eg absolutt for. Men måla må vera realistiske, og vi må vita kva det kostar. Å slå fast reduksjon på 70 prosent innan 2035 er totalt urealistisk. Og når vi spør kva det kostar, får vi aldri noko svar. Dette er det einaste politikkområdet i Noreg der ein ikkje følgjer utgreiingsinstruksjonen og gjer heimeleksa før ein presen-



terer politikk. Klimapolitikken er som ein bortskjemd unge som kan ligga og dra seg utan at det vert stilt normale krav.

– Men treng vi då grøn omstilling av industrien i Noreg, for eksempel?

– Ja, det trur eg er riktig. Vi må berre passa på at vi ikkje avindustrialiserer landet.

– Er hovudstrategien til Framstegspartiet utsleppskutt eller klimatilpassing?

– Tilpassing må vi gjera uansett, fordi Noreg er for

leg og billig. Og vi skal rekna på kva det kostar, slik at folk ikkje blir overraska. Vi må rekna på kva kostnaden er, på førehand, og så må vi gjera heilt vanlege politiske avveingar. Klimapolitikken må normaliserast og handsamast som eit kva som helst anna politikkområde.

– Med ukjende vippepunkt, ismelting og havstraumar som kan bli endra, er ikkje føre-var-prinsippet viktig?

– Vi treng meir kunnskap

litikk og dyr energi svekker evna vi har til å verna oss mot dårleg vêr og mot klimaendringar.

– Kva tenker du når du no ser varmebølgene som råkar Europa, og når det meteorologiske instituttet i Frankrike seier at vi vil nå 50 gradar i varmeperiodane i løpet av 100 år?

– Eg ser at dette skjer. Og så vil det alltid vera slik at eldre menneske er utsette for varmebølger. Dei er også utsette for å døy av kulde og

maendringar driv store folkemengder på flukt?

– Ja, dersom ein trur på det senarioet. Men dette er også ein udokumentert påstand.

– Med havstiging og vanskelege tilhøve for jordbruket i varme land er vel dette ikkje heilt utenkeleg?

– Det finst ingen dokumentasjon på at det er dette som kjem til å skje. Tvert imot finst det mykje dokumentasjon på at verda blir ein betre stad, og at folketalet i varme land vil stiga mykje fordi dødstala fell. Hugs at dei som lir mest ved klimaendringar, er dei fattige. Så det å lage eit rikt land er det beste du kan gjera for å takla det som skjer. Og framleis er det slik at billig energi er den viktigaste innsatsfaktoren for å få bukt med fattigdommen.

– Seier du at løysinga globalt vil vera bruk av fossil energi for å auka velstanden?

– Ja, det er derfor India skryter av å setta ny rekord for produksjon av kol. Dei snakkar til sitt eige folk og seier at «vi leverer velstand til dykk». Dette er ikkje noko vi kan gjera noko med. Vi må berre godta at slik er det. Dei prioriterer billig energi framfor klimakutt. Så trur eg også at ny teknologi, og spesielt solenergi, vil bidra positivt.

– Klimapolitikken er som ein bortskjemd unge som kan ligga og dra seg utan at det vert stilt normale krav.

lite til å påverka det globale klimaet. Også EU er for lite og står berre for 6–7 prosent av utsleppa. Så det er naturleg for Noreg å vera ein del av eit internasjonalt samfunn der ein prøver å finna globale tiltak.

– Kva er det viktigaste vi kan gjera her heime, då?

– Vi skal tilpassa oss. Så skal vi gjera det som er rime-

om dette, også desse vippepunkt. Men det er samstundes viktig å hugsa på at verda går framover. Tilstanden så langt viser i alle høve at vi er svært langt unna verkna- den av ein atomkrig, som Espen Barth Eide samanlikna klimaendringane med. Dermed tilseier ikkje eit føre-var-prinsipp automatisk mykje klimapolitikk, sidan klimapo-

av influensa. Det er ein ting som er verre enn klimaendringar, og det er klimaendringar utan at vi har velferd til å handtera dei. Betre eldreomsorg og aircondition er kanskje dei aller viktigaste tiltaka vi kan ha for klimatilpassing.

– Noreg er ein del av verda, og innvandring er ei viktig sak for Frp. Vil det ikkje då vera alvorleg om kli-